

Tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket



**Strand kommune
2018-2021**

Godkjent i formannskapet 29.11.17

Innholdsliste

| | |
|-------------------------------------|---|
| Innholdsliste..... | 2 |
| Bakgrunn | 2 |
| Overordna føringar | 2 |
| Regelverk | 3 |
| Prosessen | 3 |
| Fakta om skogareala..... | 3 |
| Aktivitetsoversikt siste 6 år | 5 |
| Prioriterte tiltak | 6 |
| Vurdering av behov | 6 |
| Mål | 6 |
| Hovudutfordringar..... | 7 |
| Tilskotssatsar | 7 |
| Strategiar og tiltak | 8 |

Bakgrunn

Tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket vert omtala som NMSK – strategi i dette dokument. Hovudformålet med strategien er å stimulera til auka verdiskaping i skogbruket på ein berekraftig måte. Gjennom ulike tilskotsordningar vil kommunen i samarbeid med blant anna lokale skogeigarlag, bondelag og bonde- og småbrukarlag, vere med å utvikle skognæringa ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for skogpolitikken.

Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Kommuneplanen 2012-2022
- Landbruksplan 2014 – 2020
- Hovudplan for skogsvegar i Strand 2017 – 2021
- Energi og klimaplan for Strand kommune
- Næringsplan 2015-2025 for Strand kommune
- Kystskogmeldinga
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Regionalplan for energi og klima i Rogaland
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Meld. St. 21 Norsk klimapolitikk
- St.meld.nr.39 Klimautfordringane – ”landbruket en del av løsningen”
- Klimakur 2020

Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket»

Saksbehandlinga er delt mellom kommunen og Fylkesmannen. Kommunen har ansvaret for tilskot til skogkultur, tynning, miljøtiltak og andre tiltak. Fylkesmannen har ansvaret for tilskot til skogsvegar og taubane. Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar for alle saker om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. I dette ligg bl.a. at kommunen tek ansvar for å «driva» fram gode vegprosjekt, og førebu sakene før dei vert sendt over til Fylkesmannen. Fylkesmannen har utarbeida eigne retningslinjer for tilskot til taubane og skogsvegar for fleire detaljar rundt praktisering og ansvar. Desse tilskota er difor lite omtala i denne strategien.

Prosessten


Strand kommune har utarbeida hovudplan for skogsvegar og NMSK-strategier og forslaga er framlagt til Bonde og småbrukarlaget samt Strand og Forsand skogeigarlag den 18 og 29 mars,2017. Fylkesmannen i Rogaland har i høyringsperioden kommentert planting, ungskogpleie og tilskotssatsane, dette er revidert i strategien. Revidert strategi er sendt ut på ny høyring til organisasjonane den 25.08. 2017, med gjennomgang i møte den 30.10.17, strategien gjeld for 4 år.

Hovudplan for NMSK – strategi er vedteken av formannskapet den 29.11.2017, i sak 137/17.


Fakta om skogareala

Totalt areal kommune: 218130 dekar
Totalt skogareal: 102900 dekar
Produktivt skogareal: 68800 dekar


Bonitetsfordeling:




Hogstklassefordeling/ aldersfordeling:



Skogareal fordelt på treslag:



Tilvekst fordelt på treslag:



Aktivitetsoversikt for hogst siste 6 år:


Hogst i Strand 2011 - 2016 med fordeling av treslag for å kunne vurdere behov for planting

| År | Volum (m ³) | | Areal (daa) | |
|------------|-------------------------|--------------|-------------|------------|
| | Furu | Gran | Furu | Gran |
| 2011 | 762 | 867 | 38 | 17 |
| 2012 | 338 | 3529 | 17 | 71 |
| 2013 | 141 | 6877 | 7 | 138 |
| 2014 | 261 | 5605 | 13 | 114 |
| 2015 | 1413 | 1422 | 71 | 74 |
| 2016 | 552 | 1072 | 28 | 22 |
| Sum | 3467 | 19372 | 174 | 436 |

Det er omdiponert store areal til beite og til nydyrking etter hogst dei siste 10 åra. Av 174 dekar furu hogst, har ein etterslep på 94 dekar, for gran har ein etterslep på 136 dekar. Planting er høgst prioritert for å gjenreise kvlitetsskog.

Ungskogpleie:

Ungskogpleie er viktig for produksjon av kvalitetsskog. Både tida trea treng for å bli store og robuste i høve til konkurranse om lys og næring, men ikkje minst pga skader på toppskot osv på kvalitetsskogen dersom her står andre treslag for nær i feltet. Det er og viktig med oppfølging i plantefelta. Kommunen prioriterer difor høg tilskot ved suppleringsplanting, både fordi suppleringsplanting er dyrare enn nyplanting, og fordi skogeigar har brukt mykje av skogfondet til ordinær planting og har lite skogfond å ta av til suppleringsplanting. Normalt betyr planting på høg og super bonitet at ein må inn med minst 2 rundar med ungsogpleie. Ut frå plante- og ungsogpleiestatistikken dei siste 10 - 15 åra er her behov for ungsogpleie på 500 dekar.



Prioriterte tiltak

Oppbygging / planting av kvalitetsskog – skogsvegbygging har førsteprioritet.

Deretter kjem ungskogpleie på areal som er planta dei siste ca 10-15 åra.

Det er ønskeleg å avvirke eldre furuskog og lauvskogareal med bonitetar >H14. Det er difor viktig å gi ein høg tilskotsandel når ein skal plante etter treslagskifte – hogst av furu eller lauv og planting av gran. I enkelte område, kan det vere økonomisk å ha lauv/furu vidare, og langs bekker er det viktig i høve miljøomsyn.

Vurdering av behov

Plantebehov

Ut frå hogst- og planteaktivitet siste 6 åra er estimert plantebehov inkludert etterslep på totalt 230 dekar.

Ungskogpleie

Ut frå aktivitet dei siste 10 –15 åra har vi eit etterslep på 400 dekar.

Mål

Fullføre planting av kvalitetsskog etter furu og granhogster 230 dekar innan 3 år.

Utføre ungskogpleie på 300 dekar innan planperioden.

Vegbygging

Strand kommune har ny hovudplan for skogsvegar som vert handsama i saman med NMSK strategien. Ein ser det er eit stort behovet for skogsbilvegar og traktorvegar dersom ein skal ta ut meir naturskog og få ei auke i areal med kvalitetsskog. Det er behov å

få planlagt vegar i forkant for å få langsiktige vegløyningar for heile skogområder og ikkje enkelt eigedomar. Ein vil søke å få fleire skogeigarar til å gå saman for å planleggje gode løyningar som samarbeidsprosjekt.



Løyvd statleg tilskot til skogsveggar:

2015 – 1 veg på 575 meter ombygd til klasse 4.

2016 – 1 veg på 561 meter ombygd til klasse 5.

1 veg på 500 meter ombygd til klasse 7.

1 ny veg på 760 meter, klasse 7.

1 ny veg på 1087 meter, klasse 4.

Hovudutfordringar

Strand kommune har mykje utmarksarealer med naturleg furu og lauvskog som kunne vore treslagskifta. Utfordringa her er dårleg økonomi når desse areala skal hoggast. Det er 1000 - 1200 dekar med lågt produserande lauvskogareal som kunne gitt ei bonitetheving med 2-3 klassar ved treslagskifte til norsk-gran.

Det er ikkje noko utfordring å få skogeigarane til å reetablere ny kvalitetskog etter hogst.

Kommunen har også nok verkemedel til å sikre tilfredstillande foryngelse etter hogst etter skogloven. Det er også behov for skadeforebyggjande tiltak, spesielt kan ein nevne inngjering av nyplanta areal. I kommunen har ein beitedyr i og rund plantefelta. Ein har nyleg hatt ein runde med grunneigarar om nyplanting på utmark, samt reetablering av kvalitetsskog, det er fleire som ikkje

ønskjer dette med grunnlag i at det er unaturleg med større barskogfelt i eit opent landskap, samt liten interesse for meir skog. Nivå på tilskotsatsane er avgjerande for å aktivere prosjekter der treslagskifte av lauv/furu areal med gode gran bonitetar.

Ved hogst av hogstmoden granskog og gode furubonitetar vil skogfondordninga bidra sterkt til å betre økonomien for skogeigar ved val om reetablering av kvalitetskog.

Tilskotssatsar

- Treslagskifte etter hogst /rydding av contorta furu 90%
 - Planting etter hogst av gran/ sitkagran 60 %
 - Planting etter furu og lauv 80 %
 - Suppleringsplanting 80 %
 - Ungskogpleie 80 %
 - Markberedning/ grøf팅/ gjødsling/ flaterydding mfl. 80 %
 - Skadeforebyggjande tiltak 60 %
 - Miljøtiltak knytt til friluftsliv mm jf forskrift § 6 80 %
- I forskrift om tilskot til NMSK tiltak i skogbruket

Vilkår

1. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar for kommunen i høve område og høgdelag.
2. Rettleiande kostnadsgrenser og maksimalsatsar for skogkulturkostnader utarbeida av Fylkesmannen skal leggjast til grunn for utmåling av støtte utover det som er lista opp ovanfor.

Tilskot til vegbygging og taubanedrift vert styrt av retningslinjer utarbeidd av Fylkesmannen i Rogaland skal leggjast til grunn for utmåling av støtte.

Strategiar og tiltak

- Prioritet på planting og skogsvegbygging, deretter ungskogpleie.
- Hovudplan for skogsvegar skal vere rettesnor for prioritering av innsats og brukast aktivt i handsaming av skogsvegar etter vegforskrifta.
- Bruke fagfolk som er i fylkesmannen sin besittelse av kompetanse på skogsvegbygging.
- Samarbeida om 1 skogdag med skogkultur som tema saman med nabokommunar og lokalt skogeigarlag m.fl.
- Arrangera Aktivt skogbrukskurs om ungskogpleie og planting i løpet av perioden med lokalt skogeigarlag og i samarbeid med nabokommunane.
- Informera om ordningar/plikter innan skogforvaltninga gjennom informasjonsskriv til skogeigarane og opne møter i samarbeid med fylkesmannen. Skogfondordniga bør spesielt prioriterast.
- Bruke andre næringsaktørar ved plantebestilling og skogkultur arbeid.